

## Læreplan i vg1 naturbruk

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsatt som forskrift av Utdanningsdirektoratet 27. februar 2020 etter delegasjon i br013ev av 13. september 2013 fra Kunnskapsdepartementet med hjemmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2020

## Om faget

### Fagrelevans og sentrale verdier

Vg1 naturbruk handlar om å drive næring basert på naturressursar. Programfaga dreier seg om tradisjonelle og nye driftsformer innanfor norske og samiske næringar, inkludert reindrift, og skal leggje grunnlag for sikker matproduksjon og for aktivitet og opplevingar med dyr og natur. Programfaga skal utvikle elevane si forståing av samspelet mellom natur, samfunn og økonomi. Dei skal òg utvikle elevane si forståing av kva det inneber å ta vare på og nyttiggjere seg naturressursar på ein berekraftig måte. Vg1 naturbruk handlar vidare om korleis ein nyttiggjer seg naturressursar som ein verdi i notid og framtid for arbeids- og samfunnslivet.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Vg1 naturbruk skal bidra til å skape forståing for at mennesket er ein del av naturen og har ansvar for å forvalte han i eit langsiktig og berekraftig perspektiv. Gjennom kritisk tenking, medverknad og praktiske arbeidsoppgåver skal elevane få auga opp for moglegheiter og utfordringar innan naturbruk. I vg1 naturbruk skal elevane utforske, skape og bidra til engasjement og forståing for betydninga naturbruken har for kultur og identitet. Vg1 naturbruk skal bidra til å gi kunnskap om korleis partane i arbeidslivet samarbeider for å utvikle eit betre arbeidsliv.

### Kjerneelement

#### Berekraftig bruk av natur

Kjerneelementet berekraftig bruk av natur handlar om å nyttiggjere seg naturressursar som grunnlag for matproduksjon og næringsverksemd. Berekraftig bruk av natur omfattar naturtypar, artar og kretsløp og samanhengar i naturen. Kjerneelementet inneber vidare det å handle på grunnlag av kunnskap om biologien til dyr og planter og om tolegrensene til naturen. Det dreier seg vidare om korleis ein kan ta vare på dyrevelferd, dyre- og folkehelse, matsikkerheit og miljø under ulike driftsformer.

#### Yrkesutøving

Kjerneelementet yrkesutøving handlar om grunnleggjande arbeidsoppgåver og yrkesfunksjonar i produksjon, drift, tenesteyting, hausting og fangst. Kjerneelementet skal gi elevane erfaring med tradisjonelle og framtidsette driftsformer og teknologiar. Det handlar òg om ansvar, uthald og handlag i det praktiske arbeidet.

## Næringsutvikling

Kjerneelementet næringsutvikling handlar om å sjå moglegheiter for berekraftig verdiskaping og næringsutvikling. Det handlar òg om forståing av samanhengar mellom innsatsfaktorar og sluttresultat og å sjå korleis teknologi bidreg til utvikling i næringane. Næringsutvikling handlar vidare om mangfald i naturbruksnæringane og korleis dei er avhengige av lokale ressursar, lokale marknader og kompetanse i lokalt næringsliv.

## Sikkerheit og kvalitet

Kjerneelementet sikkerheit og kvalitet handlar om å vareta helsa og sikkerheita til ein sjølv og andre. Dette omfattar arbeidsmiljø, kvalitet på produkt og tenester, dyrevelferd og miljøomsyn i samband med utføringa av arbeidsoppgåver. Vidare handlar kjerneelementet om risikovurdering, kommunikasjon, samarbeid og krav til dokumentasjon. Det omfattar òg sikkerhetsopplæring etter gjeldande standardar og regelverk i den enkelte produksjonen eller aktiviteten.

## Tverrfaglege tema

### Folkehelse og livsmeistring

I vg1 naturbruk handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om mennesket i møte med naturen, om lokale næringar, tradisjon og kultur og korleis dette bidreg til utvikling av identitet. Vidare handlar det om å gjere val som varetek helse og sikkerheit i ulike arbeidsoperasjonar, og om å bidra til folkehelsa gjennom helsefremjande produkt og tenester frå naturbruksnæringane.

### Demokrati og medborgarskap

I vg1 naturbruk handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om å kunne møte eit arbeids- og yrkesfellesskap og å kunne forstå og delta i samfunnsdebatten om natur, ressursbruk og forvaltning. Vidare handlar det om å øve opp evna til å tenkje kritisk og handtere meiningsbrytingar og å vise respekt og toleranse i møte med andre menneske, kulturar og praksisar.

### Berekraftig utvikling

I vg1 naturbruk handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om miljømedvit og om klimaendringar, forureining og tap av biologisk mangfald, som naturbrukarane i framtida skal bidra til å motverke. Vidare dreier det seg om å vurdere miljøutfordringar i samarbeid med ulike næringsaktørar. Det handlar òg om å utforske og ta i bruk relevant teknologi for å bidra til ei berekraftig utvikling.

## Grunnleggjande ferdigheiter

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg1 naturbruk inneber å kunne forklare, grunngi synspunkt og kommunisere forståeleg med kollegaer. Det inneber òg å kunne lytte til, presentere saker for og instruere ulike målgrupper. Munnlege ferdigheiter handlar dessutan om å kunne bruke fagspråk og samtale om og drøfte produksjonar og løysingar.

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg1 naturbruk inneber å kunne tilpasse tekstar til ulike formål, sjangrar, mottakarar og medium. Det inneber å kunne beskrive produkt og tenester for kollegaer, brukarar og kundar ved hjelp av fagspråk. Det vil òg seie å kunne dokumentere kva ein gjer, og kva ein har lært.

### Å kunne lese

Å kunne lese i vg1 naturbruk inneber å kunne tileigne seg informasjon i trykte og digitale ressursar og bruke dette i praktisk arbeid, tenesteyting eller produksjonsprosessar. Å kunne lese vil òg seie å kunne bruk fagspråk og utøve kjeldekritikk.

### Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg1 naturbruk inneber å kunne velje framgangsmåtar, stille inn verktøy og apparat, berekne innsatsfaktorar og utbytte av prosessar. Det inneber òg å kunne finne, måle og vurdere økonomiske, biologiske, fysiske og kjemiske parametarar. Vidare vil det seie å kunne setje opp og tolke tabellar og diagram. Å kunne gjere overslag og bruke talmateriale i fagleg argumentasjon høyrer òg med.

### Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg1 naturbruk inneber å kunne bruke digitale ressursar og hjelpemiddel i ein produksjon eller aktivitet. Det inneber òg å kunne samle data, vere kritisk til kjelder og bruke analoge og digitale verktøy i diskusjonar og informasjonsutveksling. Vidare inneber det å kunne bruke digitale ressursar i navigasjon, styring av driftsprosessar og dokumentasjon.

## Kompetansemål og vurdering

### Kompetansemål og vurdering naturbasert produksjon og tenesteyting

#### Kompetansemål etter naturbasert produksjon og tenesteyting

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- stelle planter basert på kunnskapar om biologien til artane og kretsløpa i naturen
- stelle dyr eller fisk med respekt for etiske retningslinjer og kunnskapar om dyrevelferd, dyrehelse og biologien til artane
- utføre arbeidsoppgåver i ulike delar av verdikjeda basert på gjeldande reglar og standardar
- klassifisere og presentere eit utval av artar og materiale og velje materiale ut frå arbeidsoppdrag og eigenskapane til materiala
- følgje bruksretteleing og bruke manual for utstyr som blir nytta i produksjonen, og gjere enkelt ettersyn, vedlikehald og enkle reparasjonar
- prøve ut driftsmetodar og vurdere dei opp mot tradisjon, etikk, kvalitetskrav og miljøkonsekvensar
- gjennomføre og dokumentere arbeid i samsvar med gjeldande reglar for helse, miljø og sikkerheit og vurdere risiko
- velje og bruke analoge og digitale verktøy til planlegging og gjennomføring av arbeidsoppgåver
- gjere enkle berekningar av råvare- og materialforbruk, innsatsfaktorar og utbytte
- samle, tolke og bruke data tilknytt arbeidsoppgåver i naturbruk og tolke kjelder og observasjonar kritisk
- utføre enkel behandling av råstoff
- gjere greie for og vurdere korleis partane i arbeidslivet samarbeider for å utvikle eit betre arbeidsliv

#### Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i naturbasert produksjon og tenesteyting når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire eller alle programfaga. Læraren og elevane skal vere i dialog om elevane si utvikling i naturbasert produksjon og tenesteyting. Elevane skal få

høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i naturbasert produksjon og tenesteyting ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i naturbasert produksjon og tenesteyting basert på kompetansen elevane viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Elevar som har opplæring på fartøy i vg1, må dokumentere at dei har gjennomført grunnleggjande sikkerhetsopplæring i tråd med krav frå Sjøfartsdirektoratet.

## Kompetansemål og vurdering naturbasert næringsaktivitet

### Kompetansemål etter naturbasert næringsaktivitet

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- reflektere over kva for krav og forventningar som blir stilte til ein profesjonell yrkesutøvar i samband med samhandling og deltaking i samfunnsdebatten om natur, ressursbruk og forvaltning
- planleggje, gjennomføre og vurdere naturbaserte næringsaktivitetar og beskrive ei tilhøyrande verdikjede
- utforske døme på lokal produkt- og næringsutvikling basert på teknologisk utvikling, lokale ressursar, kultur og tradisjon
- presentere næringsaktivitetar, produkt eller tenester for ulike målgrupper
- drøfte korleis naturbaserte produkt og tenester kan utviklast innanfor ramma av berekraftig utvikling og ressursforvaltning
- beskrive og vurdere likskapar og forskjellar i yrkesutøvinga i ulike typar naturbruk
- orientere seg i naturen ved hjelp av tradisjonelle og moderne metodar og hjelpemiddel
- velje og bruke utstyr og påkledning etter situasjon, naturforhold og klima og utføre enkelt vedlikehald på utstyret
- vurdere risiko og utføre naturbaserte aktivitetar med omsyn til eiga og andres sikkerheit

- utføre grunnleggjande førstehjelp

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i naturbasert næringsaktivitet når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire eller alle programfaga. Læraren og elevane skal vere i dialog om elevane si utvikling i naturbasert næringsaktivitet. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i naturbasert næringsaktivitet ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistarar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i naturbasert næringsaktivitet basert på kompetansen elevane viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

## Vurderingsordning

### Standpunktvurdering

Naturbasert produksjon og tenesteyting: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

Naturbasert næringsaktivitet: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

### Eksamen for elevar

Naturbasert produksjon og tenesteyting: Eleven skal ikkje opp til eksamen.

Naturbasert næringsaktivitet: Eleven skal ikkje opp til eksamen.

## **Eksamen for privatistar**

Naturbasert produksjon og tenesteyting: Privatisten skal opp til éin skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Naturbasert næringsaktivitet: Privatisten skal opp til éin skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Produksjon og tenesteyting og naturbasert næringsaktivitet: Privatisten skal opp til éin tverrfagleg praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.